

Hanne Kathrin Vie

**Avdeling for
Strategisk utvikling og digitalisering
(SUD)**

Dato	02.09.2022
Vår referanse	2022/69118-5
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Cathrine Gunn Grasdal
E-post	Cathrine.Gunn.Grasdal@vlfk.no
Telefon	90526060

Innspel til oppstart av reguleringsplan - gnr. 86 bnr. 5 m.fl - Helldal småbåthamn og strandsone - Osterøy kommune

Vi viser til brev datert 04.07.22 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Helldal småbåthamn og strandareal. Hovudføremålet med reguleringa er å sikre ålmenn og universell tilkomst til strandsona, fellesnaust for lagring og handsaming av utstyr, kai for m.a. kajakkar, og behov for nye eller omplasserte båtplassar. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan og kommunedelplan der området er sett av til kombinert bygg og anlegg og LNF. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Vestland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga/planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

Vurdering og innspel

Kulturminne og kulturmiljø

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturmiljømynde. Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vestland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Vi er kjent med at Rambøll sin kulturminnerapport, som blei laga i samband med reguleringsplanen Hoshovdstølen bustad og strandsoneplan, dekker gjeldande planområde. Naustrekka i øvre Havna utmerkar seg med fleire raudmerka SEFRAK-bygg. Desse nausta kan skrive seg frå før 1850, noko som betyr at dei er meldepliktige til oss, og at dei må verdivurderast og dokumenterast, dersom det er snakk om vesentlege endringar eller riving. I kulturminnerapporten blir det også vist til oppmuringar langs bekkeløp, tufter og steingardar. Ein bør så langt som mogleg ta omsyn til desse kulturlandskapstrekka, og få til ein god balansegang mellom nytt og gamalt.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne, verken på land- eller sjøsida. Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum, som kjem med følgjande svar 18.08.22 der dei viser til den nemte reguleringsplanen for Hoshovdstølen: «Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Hoshovdstølen – gbnr. 86/5 m.fl. i Osterøy kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Me viser til tidlegare uttale i saka frå 16.08.2021, og sjølv om det har vore lang maritim aktivitet i område og planområde no er endra noko, meiner me framleis at potensiale for funn er lågt grunna mengda sedimentering. (...) Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.» Museet minner elles om meldeplikta.

Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader i høve kulturminne på noverande stadium i planprosessen.

Infrastruktur og veg

Planområdet vil ha tilkomst fra kryss i fylkesveg 567 Osterøyvegen via den kommunale vegen Helldalskaien. Som vegstyresmakt har Vestland fylkeskommune ansvar for arealbruk, trafikktryggleik og framkomst langs fylkesveg. Vi har også ansvar for at føringer i regionale planar for areal- og transportplanlegging blir ivaretatt i planlegginga.

Vi ber om at de utvidar planområdet til å omfatte krysset frå fylkesvegen inklusivt siktlinjer. De må gjere ei trafikkfagleg vurdering av krysset som grunnlag for vurdere nødvendige tiltak. Det vil vere aktuelt å stille rekkefølgjekrav til utbetring av krysset.

Elles ber vi generelt om at de tar omsyn til følgjande tema i reguleringsplanprosessen:

- Plassering og utforming av naudsynete tiltak knytt til fylkesveg (kryss, avkjørsler, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar m.m.)
- Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsle planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplassar, skule m.m.)
- Bygggrenser til fylkesveg
- Tiltaket sine konsekvensar for vegtrafikken i bygge- og anleggsfasen, med særleg fokus på mjuke trafikantar
- Tekniske vegteikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker

Strandsone og friluftsliv

Alle inngrep i strandsona inneber ei grad av nedbygging av naturverdiar. Strandsona har eigenverdi, og tilrettelegging for ålmenta sin tilkomst er difor ikkje automatisk positivt. Positivt med felles småbåtanlegg og fellesnaust/avgrensa utbygging på land. Heilskap og fellesløysingar er bra

I planskildringa til planframlegget for Hovhovdstølen, der dette planområdet var innlemma, skriv kommunen dette om parkering knytt til friluftsområdet i strandsona:

Det er praktisk mogleg særleg for bådeigarar å losse av og på bilar eller å parkere i f_SPA4 ned mot småbåthamna, men ein legg ikkje til rette for regulær parkering for ålmenta her då ein ynskjer å unngå biltrafikk gjennom hyttefeltet.

Planframlegget for Hovhovdstølen skildrar utbygginga i strandsona slik:

Føresegne opnar opp for at det kan leggjast til rette for opp til 60 båtplassar innanfor BSB i småbåtanlegg med 2 utriggarar. Det er ikkje høve til å ha flytebryggjer eller båtplassar elles i bukta. Området skal opparbeidast med høge kvalitetar og vere ope og tilgjengeleg for ålmenta. . Det er lagt til rette for at det lett å sjøsetje og kome til med kajakkar, kanoar og seglbrett o.l. Delar av området har god tilgjenge for t.d. rullestolsbrukarar.

Vestland fylkeskommune legg til grunn at dette blir vidareført og sikra i føresegner for planarbeidet ein no varsler oppstart for.

Meir informasjon

Vi viser til digital rettleiarar for planlegging i strandsona i Vestland, som de finn her:

<https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing/regionale-plantema/strandsone/>

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre
<https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing/>

Oppsummering

Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på kulturminne og kulturmiljø, infrastruktur, veg, strandsone og friluftsliv. Vi står til disposisjon viss ein skulle ha spørsmål rundt regionale plantema og vidare planprosess.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
fagleiar
SUD – Plan, klima og folkehelse

Cathrine Gunn Grasdal
rådgjevar
SUD - Plan, klima og folkehelse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Sakshandsamarar:

Malene Utkilen – Forvalting Bergensområdet – INV
Berit Vik – Arealplan - KII

Mottakarliste
Hanne Kathrin Vie
Arkitektgruppen Cubus A/S Halfdan Kjerulfs gate 4 5017 BERGEN

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland Statens hus - Njøsavegen 2
Statens vegvesen Postboks 1010 Nordre Ål